

FORSKRIFT OM GODTGJERSLE OG PERMISJONAR

FOR

FOLKEVALDE I VANG KOMMUNE

Satsane endrast jfr forskrift i høve til lønsutviklinga til stortingsrepresentant

§ 1. Verkeområde

Føremålet med forskrifta er å sikre kommunen sine folkevalde kompensasjon for arbeidsinnsats og å erstatte tap i arbeidsinntekt ved møter i kommunale organ.

Med folkevalde meiner ein medlemmer av kommunestyret og formannskap, medlemmer i organ oppnemnde av kommunestyret eller formannskapet, einskildmedlemmer oppnemnde av kommunestyret eller formannskapet til folkevalde organ og til interkommunale organ heimla i kommunelov eller særlov i henhold til kommunelova § 5-1 og § 5-2. Dette gjeld ikkje reine styreverv etter aksjelova og liknande.

Rettane som dei folkevalde har i høve til dette er heimla i lov 22. juni 2018 nr. 83 –kommunelova, kapittel 8 (§§ 8-3, 8-4, 8-6, og 8-10). Utbetaling til folkevalde er godtgjering, ikkje lønn. Godtgjeringa skal innberettast som skattepliktig inntekt.

Fritak og utreden er omhandla i §§7-9 og 7-11.

§ 2. Fast årleg godtgjersle

Blir just årleg av administrasjonen i tråd med forskrifta.

Ordfører

Årleg godtgjersle til ordfører er 75 % av stortingsrepresentantløn. Det er forhandlingsutvalet i kommunen som innstiller til kommunestyret seinast til siste kommunestyremøte i året. Godtgjersla trer i kraft **01.mai** inneverande år.

Ordførgodtgjersla dekkjer møtegodtgjersle og erstatning for tapt arbeidsforteneste.

Kommunen dekkjer pensjonsordning for ordføreren. Ordfører har rett til fri kommunal tenestetelefon til bruk i vervet.

Godtgjersla skal dekkje all verksemd i folkevald funksjonen. I tillegg til møte og førebuingar skal den dekkje opp kontakten med andre folkevalde, partiorgan og ivaretaking av ombodsrolla.

Godtgjersle til ordfører dekkjer alle oppdrag knytt til verv i kommunen og til dei verv der han/ho er vald av kommunestyret.

2.1.1 Ettergodtgjersle ordfører

Avgått ordfører skal få utbetalt godtgjersle for tre – 3 – månader. Dersom avgått ordfører i denne perioden får anna inntektsgjevande arbeid, skal denne inntekta koma til frådrag i ettergodtgjersla. Avgått ordfører har sjølv ansvar for melde frå om dette.

2.2 Varaordførar

Varaordførar skal ha ei fast godtgjersle på 4 % av årsgodtgjersla til ordføraren. Når varaordførar gjer teneste som ordførar i meir enn to veker samanhengande, skal han/ho ha godtgjersle som tilsvare den satsen som gjeld ordførar. Dette gjeld ikkje ved ordføraren si ferieavvikling.

2.3 Leiar av hovudutval

Leiar av hovudutval skal ha ei fast godtgjersle på 4 % av årsgodtgjersla til ordføraren

2.4 Leiar i kontrollutvalet

Ovannemnde leiarar skal få 2% av ordførargodtgjersla.

§3 Møtegodtgjersler

3.1 Møtegodtgjersle

Godtgjersla for andre medlemmar av kommunestyret omfattar førebuing til og gjennomføring av møte i kommunestyret, inkludert alle formøte/gruppemøte i forkant av kommunestyremøtet same dag/dagen før ordinære kommunestyremøte.

Ved representasjonsoppdrag, synfaringar og kurs/konferansar pålagt av kommunestyret, kan ein krevje tapt arbeidsforteneste.

Ved deltaking på andre møte (t.d. regionrådsmøte og møte i Valdresrådet) blir det gitt vanleg møtegodtgjersle per møtedag og eventuelt tapt arbeidsforteneste

Ordførar/kommunedirektør kan, i særskilte tilfelle, dispensere frå denne regelen.

Det blir ikkje gitt møtegodtgjersle for gruppemøte, fraksjonsmøter eller andre møter i partia.

Møtegodtgjersler blir berre utbetalt for protokollerte møter. Det blir ikkje utbetalt møtegodtgjersle eller tapt arbeidsforteneste for oppgåver som følgjer vervet/det folkevalde organet sitt arbeid, inkludert møteførebuingar, gruppemøte, temamøte, synfaringar, seminar, kurs eller liknande.

Møtesats pr møte:

Møtesatsen justerast årleg i tråd med stortingsrepresentantløna, gjeldande frå 1.august kvart år.

Det skiljast på satsane slik:

- Møte i kommunestyre, formannskap, hovudutval, kontrollutval: Full sats
- For andre møte: Halv sats

Andre møter gjeld:

- Medlemmar i andre utval, oppnemnde av kommunestyret, samt medlemmar/varamedlemmar som ikkje deltek i heile møtet (behandling av enkeltsaker jf. habilitet)
- Valmedarbeidarar ved val
- Godtgjersle for verv i kommunale stiftingar og kommunale A/S, blir fastsett av vedkommande styre, og utbetalt over respektive budsjett.
- Budsjettkonferanse, folkevaldopplæring o.l

§ 4. Dekning av utgifter og økonomiske tap - § 8-3 og § 8-4

4.1. Skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle - § 8-3 og § 8-4

I samband med møte i kommunale nemnder m.v. får dei folkevalde dekt reiseutgifter etter kommunen sitt reiseregulativ.

Ved deltaking på seminar, kurs o.l. i samband med vervet, og som ikkje går føre seg på heilt frivillig basis, kan dei folkevalde etter nærare avtale få dekt utgifter.

4.2. Erstatning for tap av inntekt - § 8-3

I samband med møter med innkalling og sakliste kan folkevalde setje fram krav om erstatning for tap av inntekt. Jamfør kommunelova § 8-3. Dekning av utgifter og økonomisk tap skal det fastsetjast ulike satsar for dokumenterte og ikkje dokumenterte-tap. Tapt arbeidsforteneste kan krevjast for medgått møtetid. Ved deltaking på møter med sakliste eller andre aktivitetar gjennom det folkevalte vervet skal ein få dekkta tapt inntekt.

Legitimert tap av inntekt:

- Tapt arbeidsforteneste blir dekt enten basert på dokumentert lønnstrekk frå arbeidsgjevar eller etter brutto næringsinntekt ved siste likning for sjølvstendig næringsdrivande, men avgrensa oppad til nivået for godtgjersle til ordførar.
- Maks grense for å krevje tapt arbeidsforteneste er 7,5 time

Ulegitimert tap av inntekt:

- Satsen justerast årleg i tråd med stortingsrepresentantløna, pr 1.august kvart år.
- Dekkes til grupper som har tapt inntekt som ikkje kan legitimerast, som heimearbeidande, studentar (utover vidaregåande) og frilansarar.
- Dersom ulegitimert tap krevjast dekkta, gis ordførar myndigheit til å avgjere om vedkommande fell inn under reglane for ulegitimert tap.
- Dekkes med kr halv sats dag, for fråvær kortare enn 4 timar.
- Dekkes med kr full sats pr. dag for fråvær 4 timar eller meir.

Oppgåve over tapt arbeidsforteneste:

Den enkelte folkevalde har sjølv ansvar for å sende oppgåve over det vedkommande krev dekkta av tapt arbeidsforteneste i tråd til reglane i § 6

Arbeidstakaren sender dokumentert oppgåve over tapt arbeidsforteneste frå sin arbeidsgjevar.

4.3. Erstatning for påførte utgifter - § 8-6

Folkevalde som må ha hjelp til omsorgsoppgåver som t.d. stell/pass av born, sjuke eller andre hjelpetrengjande for å ivareta det kommunale vervet, får slik utgiftsdekning:

I 2024: Inntil 1117 kr pr dag eller 160 kr pr time

Satsen justerast årleg i tråd med stortingsrepresentantløna

For møte som varar inntil sju timar skal ein nytte satsen pr time, og elles satsen pr dag.

4.4. Telefongodtgjersle

Ordførar har kommunal mobiltelefon.

Medlemer av formannskap og hovudutvalsleiarar : 400 kr pr år.¹

Medlemer av kommunestyre og hovudutval : 200 kr pr år.¹

§ 5. Permisjonar og omsorgsgodtgjersle

Folkevalde som har eit tillitsverv som sin hovudbeskjeftigelse, har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova § 12-1 til § 12-10, § 12-12 og § 12-15.

Søknad om permisjon vert avgjort av kommunestyret.

Under permisjonen beheld den folkevalde si godtgjersle i inntil to veker, med mindre han/ho gjev avkall på den.

Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og ved barn - eller barnepassar sin sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjeringa etter same reglar som gjeld for tilsvarande permisjonar for tilsette i kommunen.

§ 6. Krav om godtgjersle

Medlemmane har sjølve ansvar for å krevje godtgjersle for møter, reiser og tapt arbeidsforteneste. Krava skal innleverast etter kvart møte.

§ 7. Eventuell tvist

Blir krav om godtgjersle/erstatning ikkje godkjent, avgjer formannskapet saka med endeleg verknad.

§ 8. utbetaling

Faste og variable godtgjersler til folkevalde blir utbetalt kvar månad.

Krav om dekning av reiseutgifter og tapt arbeidsforteneste blir utbetalt fortløpande etter rekning/dokumentasjon. Representantane må ha signert reiserekninga før beløpet blir utbetalt.

Tilsvarande ansvar har leiaren i dei utval som ikkje har slik sekretær.

§ 9 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft med verknad frå 7. mai 2026

¹ For at motteke telefongodtgjersle skal vera skattefrie, er det eit vilkår at vedkomande kan dokumentere høgare faktiske telefonkostnader. Med gjeldande satsar legg ein til grunn at dette er tilfelle for alle aktuelle mottakarar, og ser det derfor ikkje som naudsynt å hente inn og kontrollere private telefonfakturaer.